

KRONIKK & DEBATT

KRONIKK:

Maks 5000 tegn inkludert mellomrom. Legg ved portrettfoto.

DEBATT:

Innlegg: 3000 tegn inkludert mellomrom. Replikk/kortinnlegg: 1000 – 2000 tegn.

E-post: debatt@klassekampen.no
Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg.



Ingrid Grønli Åm
ingridga@klassekampen.no
Kronikk- og debattredaktør
(fung.)



Carline Tromp
carlinet@klassekampen.no
Redaksjonssekretær



Axel Geard Nygaard
axeln@klassekampen.no
Redaksjonssekretær

Klassekampen honorerer normalt ikke innsendt stoff. Innsenderens e-postadresse blir trykt med mindre innsenderen reserverer seg mot dette.



1969: Da vi sykla i stedet for å kjøre så mye.

Tilbake til 60-tallet

KLIMA
Halfdan Wiik



Hva er alternativet, spør stortingsrepresentantene Anna Ljungren og Terje Aasland i et sympatisk innlegg (Klassekampen 6. desember) der de innrømmer at storsatsing på bioenergi kan være klimamessig tvilsomt «på kort sikt». Det finnes det mye kunnskap om. På et seminar arrangert av Norsk Klimastiftelse i Bergen nylig, fikk vi et interessant foredrag av professor ved Bjerknessenteret for klimaforskning, Finn Gunnar Nielsen: «Havvind, et bidrag til billig, utslippsfri transport». På overbevisende måte viste han hvordan elektrifisering, enten batteri-elektrisk eller hydrogen-elektrisk via brenselceller, er alternativet for det meste av transportsektoren.

Det gjelder bare at vi ikke glemmer at den grønneste energien er den vi ikke bruker. Vi er bortskjemte med tilgang på billig energi, og har dessuten en velutvikla evne til å overse ubehagelige fakta – som at forbrukerkapitalismens livsstil ganske enkelt ikke er bærekraftig.

For å redde klimaet, og vår umistelige naturarv, må vi kanskje mer tilbake til 1950- og 60-tallets livsstil. Til den gangen vi sykla mer, kjøpte færre ting, reparerte, fløy mindre og kjørte mindre bil. Vi hadde det bra da også, det kan jeg forsikre om!

Halfdan Wiik,
Besteforeldrenes klimaaksjon
halfdan.wiik@hsh.no

Regjeringa legg opp til mindre regulering av jordbruket. De Bondekanniba

KRONIKK

Eirik Magnus Fuglestad
og Torbjørn Tufte



1. april i fjor avvikla EU mjølkekvotane. Resultatet er stadig større og færre mjølkebruk, sentralisering av produksjonen til dei beste jordbruksområda, og ei jamt meir brutal «bondekannibalisme». I Noreg har ideen om at færre og større bruk betyr effektiv landbrukspolitikk, og byrja å slå rot blant mange politikarar.

Sia andre verdskrigen har det vestlege jordbruket vore inne i ein kontinuerleg industrialiseringsprosess. Stordrift og effektivisering har vore det sanne evangelium, sjølv om jordbruksproduksjonen i industriland stort sett har slite med overproduksjon. EU vart verdsberømte for både smørberg og mjølkesjøar. Landbrukspolitikken måtte endras, og frå midten av 1980-talet har politikken søkt å redusere smørfjella og drenere ut mjølkesjøane gjennom marknads- og produksjonsregulering.

No er fjella og sjøane gløymde att. Politikarane i EU, så vel som her heime, styrer på ny mot volumfella. Ei felle ein eigentleg aldri kom heilt ut av etter teknologi- og utviklings-skiftet, som kom i kjølvatnet av den grønne revolusjon, utover 1960-talet. Sakte men sikkert har jordbruket vorte underlagt jernlenkene til den industrielle rasjonaliteten og kapitalen sin blytunge logikk.

Ein kan sanneleg seie at det har vore effektivt: I Europa greidde ein til dømes å skapa mattryggleik og stabile inntekter etter den andre verdskrigen, i eit samfunn prega av matmangel

og dårlige økonomiske kår. Men solsida har òg ei skuggeside; rasjonaliteten slår over i irrasjonalitet. Det ein-sidede produktivitetfokuset har ført til ein slags volumfundamentalisme ute av kontroll.

Jordbruksproduksjonen er no direkte kopla mot globale frie marknader og komparative fortrinn i nyliberalismens tidsånd. Slik har jordbruksvarer vorte omgjorte til ei vare for masseproduksjon på same måte som alle andre varer. Mjølkesektoren i EU er råka av ei kraftig reduksjon i talet på mjølkebruk. Samstundes vert dei som er att større og større. I Danmark hadde kvart mjølkebruk 93 kyr i snitt i 2006. I 2014 var talet 166 kyr. Det har gitt ein bruksnedgang på kring 40 prosent. I Polen har ein hatt ei nedleg-



Er me på
Vestlandet
eller i
Australia?

gingsgrad på nesten 60 prosent mellom 2006 og 2014. Dette er trendar som følgjer fort når volumbasert produksjon til sal på verdsmarkanden vert levebrødet.

EU produserer seg inn ei volumfelle, der heile avsetnaden og økonomien i mjølkesektoren er prisgitt etterspurnaden i den

internasjonale marknaden. Bruka blir større og færre, og bøndene slit med ustabile prisar for varene dei leverer. Det er på ny mjølkekrise i EU. Berre det siste året er det brukt 1 milliard euro i krisepakker til bøndene, fordi mjølkeprisane er så låge. Same saga var det under mjølkekrisa i 2009 i EU. Mjølkesektoren til EU ser ut til å vera inne i ein syklus med stadig tilbakevendande kriser som raderar ut dei som ikkje vil, eller kan, vere med på kappløpet.

Avvikling av mjølkekvotar er kanskje ein logisk konsekvens av produksjonsrasjonaliteten ein er underlagt. Det er iallfall logisk ut frå nyliberalismen. Her er produksjonsregulering og kvotar nærast som skjellsord å rekne. No kan bønder i EU produsera så



TRANGT OM Plassen: Regjeringa legg opp til at kvart gardsbruk kan ha fleire

mykje mjølk dei berre vil, dersom dei finn marknader for mjølka. Gode greier når det er gode tider, men over tid; berre for dei som klarer å henga med. Slik sett vert kvoteavviklinga nok ei drivkraft for færre og større mjølkebruk. Ein kan her tale om ein variant av Schumpeters «kreativ øydelegging», der kapitalen utradarer dei gamle små einingane og skaper nye store i eit kappløp mot botnen.

Også i Noreg legg regjeringa opp til at jordbruket skal

underleggast den same dereguleringslogikken som i EU. I årets tilbod frå staten til bøndene sto det: «Kvotebegrensninger og konsjonsprenter som hindrer utnytting av kapasitet i enkeltbruk og samdrifter må i størst mulig grad oppheves. Takene for maksimal produksjon heves først. Disse endringene må skje gradvis. I takt med dette skal nivået på overføringene reduseres».

Nedleggingsgraden av mjølkebruk i Noreg (30 prosent siste ti åra) er allereie nær den i mange EU-land. I